



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Boknahåve
Dato: 21.04.2026
Tid: Kl. 14:00

Følgande medlemmer møtte Parti

Rannveig F. Øvrebø	AP
Svein Ove Alvestad	H
Sigmund Alvestad	KRF
Egil Magne Våge	SP
Osmund Våga	SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Rakel Alvestad	AP	Arne Hosaas	AP
Lene Ognøy Foss	H	Per Helge Sunde	H

Andre som møtte

Grethe Heimvik
Ingeborg Skjølingstad
Lillian Grønnestad
Michael Gräfe
Åse Bratthammer

Stilling

Kommunalsjef Helse og omsorg
Kommunedirektør
Kommunalsjef økonomi og administrasjon
Kommunalsjef teknisk
Kommunalsjef Oppvekst

Merknader til innkallinga: Ingen.

Merknader til sakslista: Ingen.

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Per Helge Sunde og Arne Hosaas.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
037/26	Godkjenning av innkalling
038/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
039/26	Samlesak for referatsaker
040/26	Samlesak for høyringar
040/26.1	Ekstern høring veileder for avhengighetsskapende legemidler
040/26.2	Høring - endringer i forskrift om Den rettsmedisinske kommisjon
040/26.3	Høring - forslag til forskrift om cruiseavgift
040/26.4	Høring – forslag til endringer i utlendingsloven mv.
040/26.5	Høring om forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven om adgang til å pålegge opplæring utenfor egen gruppe for en begrenset periode
040/26.6	Høringsbrev
041/26	Samlesak for orienteringsaker
041/26.1	Orientering om startlån til førstegangsetablerere - forsøksordning
041/26.2	Evalueringsav politiske arbeidsvilkår 2023 - 2027 - godtgjersle
041/26.3	Evalueringsav politiske arbeidsvilkår 2023 - 2027 reglement
042/26	Eventuelt og spørsmål

037/26 Godkjenning av innkalling

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 037/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

038/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 038/26 Vedtak

Møteprotokollen vart godkjent. Per Helge Sunde og Arne Hosaas vart valde til å signere møteprotokollen.

039/26 Samlesak for referatsaker

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 039/26 Vedtak

040/26 Samlesak for høyringar

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 040/26 Vedtak

040/26.1 Ekstern høring veileder for avhengighetsskapende legemidler

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 040/26.1 Vedtak

040/26.2 Høring - endringer i forskrift om Den rettsmedisinske kommisjon

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 040/26.2 Vedtak

040/26.3 Høring - forslag til forskrift om cruiseavgift

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 040/26.3 Vedtak

040/26.4 Høring – forslag til endringer i utlendingsloven mv.

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 040/26.4 Vedtak

040/26.5 Høring om forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven om adgang til å pålegge opplæring utenfor egen gruppe for en begrenset periode

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 040/26.5 Vedtak

040/26.6 Høringsbrev

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 040/26.6 Vedtak

041/26 Samlesak for orienteringsaker

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

FS - 041/26 Vedtak

Orienteringane blir tatt til informasjon.

041/26.1 Orientering om startlån til førstegangsetablerere - forsøksordning

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

Osmund Våga (Sp) syntes ordninga ser fin ut, men at ein må merke seg søknadsfristen 01.06.2026, og ein må bestemme om kommunen skal vere med på forsøksordninga eller ikkje.

Svein Ove Alvestad (H) er eining om at ein må ta ei vurdering på om kommunen skal delta eller ikkje. Sjølv er han skeptisk til deltakelse. Rannveig Foss Øvrebø (Ap) vil ha saka opp til politisk handsaming for å kunne setja vedtak. Forsøksordninga bør òg diskuterast i gruppemøter.

FS - 041/26.1 Vedtak

Formannskapet tok orienteringa til informasjon.

041/26.2 Evaluering av politiske arbeidsvilkår 2023 - 2027 - godtgjersle

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek saka til orientering

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) stilte spørsmål kring arbeidsflyten med å evaluere dei politiske arbeidsvilkåra. Osmund Våga (Sp) utdjupa at det er ein lang prosess som tar tid og difor er det viktig å starte tidlig. Det er òg viktig å ha oversikt over kva tidsfristar som er å førehalda seg til. Svein Ove Alvestad (H) meinte ordninga er grei slik den er per i dag.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) meinte at evalueringane bør diskuterast i gruppemøter, og gruppeleiar møter, før neste gong saka skal opp til politisk handsaming. Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad forklarte at Evaluering av politiske arbeidsvilkår 2023-2027 - godtgjersle og reglement må vedtas før utgangen av denne perioden.

Det vart òg stilt spørsmål kring tal på representantar i kommunestyret, samt tal på representantar i formannskapet. Svein Ove Alvestad (H) meinte at ein kan gå ned eitt par stykk, då det blir vanskeligare å få tak i personar som er vil stille. Slik det er per i dag er det fleire representantar enn minstekravet for kommunar opp til 5000 innbyggjarar.

Vidare vart det foreslått å fjerne forvaltningsstyret. Osmund Våga (Sp) meinte forvaltningsstyret ikkje fungerer då møter blir avlyst grunna manglande saker. Då kan formannskapet ta over behandlinga av desse.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) påpeikte at ein ikkje utelukker grupper grunna arbeidsforhold og familieliv, og at det difor er viktig at reglementet ikkje blir for komplisert. Dette er viktig for å få representantar frå fleire ulike innbyggjargrupper.

Evalueringa skal diskuterast i gruppemøter og gruppeleiar møter.

FS - 041/26.2 Vedtak

Formannskapet tok orienteringa til informasjon.

041/26.3 Evaluering av politiske arbeidsvilkår 2023 - 2027 reglement

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

21.04.2026 Formannskapet

Behandling

Evalueringa skal diskuterast i gruppemøter og gruppeleiar møter.

FS - 041/26.3 Vedtak

Formannskapet tok orienteringa til informasjon.

042/26 Eventuelt og spørsmål**21.04.2026 Formannskapet****Behandling**

- Kommunalsjef Oppvekst og kultur Åse Bratthammar hadde ei munnleg orientering om status skulesektor. Under orienteringa stiller Rannveig Foss Øvrebø (Ap) spørsmål om det skal flaggast med prideflagg på skulen under Pride. Kommunalsjef Teknisk Michael Gräfe informerte om at det skal flaggast dei dagane Pride blir feira i Haugesund. Det er også diskutert om utvidelse av dagar.
- Ordførar Egil Våge (Sp) orienterte om at han har blitt invitert av Statsforvalteren til Statsborgarseremoni 9.mai 2026 for å feire ein ny statsborgarar.
- Rannveig Foss Øvrebø (Ap) ville at måten habilitetsvurderingane i kommunestyremøtet 14.04.2026 vart utført på skal diskuterast i gruppemøte. Ho meinte at vurderingane vart gjort riktig, men det opplevdes noko kaotisk utad. Ho vil at måten ein oppfører seg i eit kommunestyre skal diskuterast i gruppemøter.

FS - 042/26 Vedtak

Formannskapet tok orienteringa til informasjon.